

# ØVING 1 \ FIRE HJØRNE

## FORKLARING:

1. Undervisaren introduserer øvinga.
2. Undervisaren deler dei fire hjørna i klasserommet inn i *heilt einig*, *litt einig*, *litt ueinig*, og *heilt ueinig*, eventuelt: *ja*, *nei*, *veit ikkje*, *kanskje*.
3. Påstandane blir lesne opp for elevane, som stiller seg i det hjørnet dei føler passar best til synspunkta deira.
4. Undervisaren tek ein prat med elevane i dei ulike hjørna for å høyre om bakgrunnen for valet deira.

## PÅSTANDAR:

- I dag er det (måndag, tysdag, fint vår eller liknande).
- Det er mange forventningar til korleis ein skal oppføre seg dersom ein er kjærast med nokon.
- Dei fleste er klar for å få kjærast på vidaregåande.
- Det er mange forventningar til korleis gutar skal gå fram dersom dei gjerne vil ha ein kjærast.
- Vi kan lett sjå kva kjønns nokon er, ut frå utsjånaden deira.
- Det er klare føringar for kva som er ein fin kropp.
- Vi blir lett påverka av normer.
- Når ein er kjærastar, skal ein ha sex.
- Dersom ein først har begynt å ha sex med nokon, kan ein ikkje plutselig berre stoppe.
- Sex er penetrering.
- Jenter og gutar har like reglar for korleis dei skal oppføre seg.
- Det er greitt å kommentere kroppen til andre.
- Jenter har meir lyst på sex enn gutar.
- Det er guten sitt ansvar å ha prevensjon.
- P-piller er enkel prevensjon.
- Gutar skal vere frampå og ta initiativ.
- Det er lov å prøve seg, sjølv om den andre nettopp har sagt nei.
- Det er vanskeleg å seie nei dersom du blir tilbydd alkohol eller dop.
- Så lenge du har fått samtykke, kan du liggje med den du vil.
- Ein spanderer berre alkohol på nokon i håp om å få liggje med dei.

